

Stiftingsdokument og vedtekter for stiftinga Folgefonnsenteret

§1 Folgefonnsenteret er ein ideell, sjølveigande institusjon som er skipa av kommunane på Folgefonnhalvøya, (Jondal, Ullensvang, Odda, Etne Kvinnherad) og Universitetet i Bergen (Uib).

Stiftinga Folgefonnsenteret har saman med leigetakarane ansvaret for den faglege utviklinga av Folgefonnsenteret.

Føremålet med stiftinga er å driva Folgefonnsenteret som eit senter for forskingsbasert kunnskapsformidling kring tema knytt til Folgefonna, landskapet og fjordsystema kring Folgefonnhalvøya.

Folgefonnsenteret skal samarbeida med godkjende besøksmål og innfallsportar på Folgefonnhalvøya.

Folgefonnsenteret er lokalisert i Rosendal i Kvinnherad kommune.

Stiftinga skal leggja vekt på likeverdig formidling knytt til klima, bre, landskap og marinøkologisk kunnskap knytt til fjord og kyst, herunder Hardangerfjorden. Folgefonnsenteret skal driva kunnskapsformidling i tråd med statensine føringar og vernemotiva for Folgefonna Nasjonalpark.

Sentralt i stiftinga si formidling står grenseflata mellom bruk og vern, samt berekraftig samfunnsutvikling gjennom bruk av naturressursar. Kunnskap knytt til den hydrologiske syklus, vatnet sin betydning for det fysiske og levande miljøet med variasjonar i tid og rom, skal vera det gjennomgåande temaet for aktivitetane og utstillingane.

Stiftinga skal også stimulera interessa for friluftsliv i nasjonalparken, for kulturlandskap, kulturminne, lokale kultur- og handverkstradisjonar og betydninga desse har for lokal næringsutvikling.

Folgefonnsenteret skal stimulera lysta til å stilla spørsmål og å finna svar gjennom observasjonar, forskning og læring. Folgefonnsenteret skal halda eit internasjonalt og fagleg høgt nivå på formidlinga.

Stiftinga har ikkje eige økonomisk føremål, og skal vera ei ålmann stifting, jf. Stiftelseslova §§ 1 og 4. Drifta av senteret skal dekkast av tilskot frå Direktoratet for Naturforvaltning, leigeinntekter frå kontorfellesskapet lokalisert i senteret, billettinntekter, inntektsgejvande arrangement som kurs, konferansar og føredragsverksemd mm.

Folgefonnsenteret skal drivast slik at ein har økonomi til å halda ved like ei dynamisk utstilling tett koplta til forskingsfronten hos dei faglege aktørane.

- §2 Stiftinga Folgefonnsenteret har forretningskontoret sitt i Kvinnherad kommune
- §3 Stiftinga har ein grunnkapital på Kr 100 000 i pengemidlar overført frå stiftarane.
- §4 Stiftinga skal ha eit styre på åtte (8) medlemmer med personlege varamedlemer. Stiftarane vel styre. Styret skal ha slik samansetjing:

- 1 medlem frå Kvinnherad kommune
- 1 medlem frå Jondal kommune
- 1 medlem frå Ullensvang herad
- 1 medlem frå Odda kommune
- 1 medlem frå Etne kommune
- 1 medlem frå Bjerknessenteret/Universitetet i Bergen
- 1 medlem frå Havforskningsinstituttet
- 1 medlem frå Folgefonna Nasjonalparksenter

Ved fyrste gongs val/etablering av styret skal styremedlemene peikast ut av den respektive kommune/institusjon.

Styret skal ha leiar og nestleiar. Ein styremedlem vert sitjande til ny styremedlem er vald, sjølv om tenestetida er gått ut. Funksjonstida er 4 år. Styret konstituerer seg sjølv, og vel sjølv leiar og nestleiar.

Styret skal forvalta stiftinga og det som vedkjem den i samsvar med føremål og vedtekter, og innanfor Stiftelseslova sine reglar.

Det skal haldast minst 4 styremøte per år, der medlemene samlast. Utover dette kan det haldast styremøte ved telefonisk eller anna føremålstenleg kopling.

Styret representerer stiftinga Folgefonnsenteret. Styreleiar og ein styremedlem i fellesskap er tildelt signatur.

Styret gjer vedtak i møte. Vedtak vert gjeldande ved reint fleirtal.

Styret har plikt til å sjå til at bokføring og forvaltning av stiftinga sine verdiar er under trygg kontroll.

Rekneskapen skal følgja kalenderåret og avsluttast seinast tre månader etter utgangen av året. Møtegodtgjersla til styremedlemene skal følgja den enkelte kommune sine satsar for godtgjersle til folkevalde, for dei som er valde av kommunane. Øvrege styremedlemer skal ha godtgjersle etter Kvinnherad kommune sine satsar. Kommunane vert tillagt dette myndet etter Stiftelseslova § 36 andre ledd bokstav b).

- § 5 I samsvar med Stiftelseslova § 36 andre ledd bokstav a) vert følgjande organ tillagt mynde til å velje nye styremedlemmer, og til å avsetje styremedlemmer når vilkåra i § 29 andre ledd er oppfylt:
- Kommunestyret i den kommunen som har peika ut den enkelte styremedlemer, skal òg velja ny medlem på vegne av vedkomande kommune, og har mynde til å avsetje den medlemer som er peika ut av vedkomande kommune.
 - For Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet og Folgefonna nasjonalparksenter ligg myndet til styret i den enkelte institusjonen når det gjeld den styremedlemer som er peika ut av vedkomande institusjon.
- § 6 Kvinnherad kommune er rekneskapsførar for stiftinga. Revisjonen vert gjort som del av Kvinnherad kommune sin revisjon, og det ligg til Kvinnherad kommune å velje revisor, jf. Stiftingslova § 36 andre ledd bokstav f).
- § 7 Stiftarane har kvar for seg og i fellesskap rett til å gi fråsegn om årsrekneskapen og årsmeldinga, jf. § 36 andre ledd bokstav d), og elles gi fråsegn til styret i stiftinga, jf. § 36 andre ledd h).
- § 8 Verdipapir og tilført kapital skal overlatast til forvaltning i Kvinnherad kommune.
- § 9 Stiftinga Folgefonnsenteret kan skipast om og vedtektene endrast i samsvar med reglane i Stiftelseslova
- § 10 Vert Stiftinga Folgefonnsenteret oppløyst, skal midlane som vert att nyttast i samsvar med stiftinga sitt føremål eller andre liknande tiltak, jf. elles Stiftelseslova §§ 52 og 47 andre ledd.
- § 11 Så langt ikkje anna går fram av desse vedtektene gjeld reglane i Stiftelseslova.

Stad, dato, signaturar